

Vedtekter for Uskedal utvikling



(Sist endra og vedteke på årsmøte 06.02.2013)

§1

Namnet til laget er Uskedal utvikling

§2

Uskedal utvikling, skipa 30.05.1989, har som føremål å fremja samarbeid og utvikling i Uskedalen. Laget skal arbeida for eit allsidig næringsliv og eit godt og aktivt bumiljø. Uskedal utvikling skal søkja samarbeid med kommunale organ og andre lag i bygda. Uskedal utvikling er høyringspart i viktige saker som gjeld Uskedalen.

§3

Verksemder, bedrifter, einskildpersonar, lag og organisasjonar kan vera medlem i laget. Årskontingenten vert vedteken på årsmøte.

§4

Styret skal til årsmøte leggja fram handlingsplan for godkjenning. Handlingsplanen syner kva som er laget sine arbeidsoppgåver det året. Styret kallar inn til medlemsmøte og om naudsynt omframt årsmøte.

§5

Alle medlemmer har røysterett og kan veljast til tillitsverv i laget.

§6

Uskedal utvikling vert leia av eit styre på 5 medlemmer (medrekna leiar) og 3 varamedlemmer. Styret kan gjera vedtak når minst 3 medlemmer/varamedlemmer er til stades. Vedtak vert gjort med vanleg fleirtal. Ved røystelikskep er leiar si røyst avgjerande. Styret kan utpeika underutval, prosjekt- og arbeidsgrupper.

§7

Vedtekter for Uskedal utvikling



Årsmøte skal haldast innan utgangen av februar månad kvart år. Medlemene vert innkalla skriftleg eller ved kunngjering på annan måte, med minst 14 dagars varsel.

Årsmøte skal handsama:

- **Årsmelding frå styret og underutval**
- **Rekneskap med revisormelding**
- **Handlingsplan**
- **Evt. framlegg frå medlemene**
- **Val av leiar, 4 styremedlemer, 3 varamedlemer, revisor og valnemnd.**

Leiar vert vald for 1 år

Styremedlemene vert valde for 2 år, men med rullering slik at to står på val kvart år

Varamedlemene vert valde for 1 år

Revisor og valnemnd vert valde for 1 år

Saker medlemene ynskjer å ta opp, skal vera meldt inn skriftleg til styret minst ei veke før årsmøte.

§8

Omframnt årsmøte skal haldast med minst 2 veker varsel når styret og minst 1/3 av medlemene krev det. På omframnt årsmøte vert berre dei sakene, som er nemnde i innkallinga, handsama.

§9

Det skal førast referat frå alle styremøte og årsmøte

§10

Vedtektsendring krev årsmøtevedtak og støtte frå minst 2/3 av medlemene. Om eit framlegg til vedtektsendring ikkje vinna fram, krev det vanleg fleirtal mellom dei frammøtte på neste årsmøte for å verta vedteke.